Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mari Katrine Berg, 5557 2326
Astrid Holte, 55 57 23 19

Vår dato
08.10.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/2846 471
Dykkar referanse

Norsk Gjenvinning Industri AS avd. Knarrevik
Knarrevik Næringspark
5355 KNARREVIK

Rapport frå inspeksjon ved Norsk Gjenvinning Industri AS avd. Knarrevik 25. august 2015
Rapportnummer: 2015.050.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Morten H. Sande, John Erik Vorland, Siv Hege Grovø, Tore Johannessen og Ole Veivåg

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Astrid Holte og Mari Katrine Berg

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Lagring av farleg avfall
- Barriere mot forureining

Avvika er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Norsk Gjenvinning Industri AS avd. Knarrevik må sende ei skriftleg stadfesting innan **31. desember 2015** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Vi ber verksemda sende søknad om nytt løyve innan **31. desember 2015**.

Sissel Storebø
senioringeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Siv Hege Wang Grøvo v/Norsk Gjenvinning Industri AS
John Erik Vorland v/ Norsk Gjenvinning Industri AS

1. Informasjon om verksemda

Namn: Norsk Gjenvinning Industri AS avd. Knarrevik	**Risikoklasse:** 3
Besøksadresse: Knarrevik Næringspark, 5355 Knarrevik	
Postadresse: Knarrevik Næringspark, 5355 Knarrevik	
E-post: morten.h.sande@ngn.no	**Telefon:**
Kommune: Fjell	**Organisasjonsnr.:** 985997802
Bransjenr. (NACE-kode): 38.120 - Innsamling av farlig avfall	**Eigar (org.nr.):** 952070533
Løyve sist oppdatert:14. april 2014 (og 1. september 2015)	**Siste tilsyn:** 2. oktober 2013

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne.

På tilsyn i 2013 hadde verksemda ulovleg utslepp av oljehaldig avløsvatn. Avviket vart vurdert som alvorleg. Dette tilsynet vart gjennomført for å følgje opp at verksemda har retta avvika som vart gitt ved førre tilsyn.

Følgjande hovudtema der verksemda hadde avvik i 2013 vart kontrollert:

- Handtering av farleg avfall
- Utslepp til vatn
- Internkontroll

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **31. desember 2015** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt
Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **31. desember 2015**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73. I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkta.

4. Kontrollgebyr

Norsk Gjenvinning Industri AS avd. Knarrevik skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 200 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 24. april 2007 med seinare endringar
- rapport frå inspeksjon 2. oktober 2013 og tilhørande dokument

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Farleg avfall vert lagra på område som ikkje er tilstrekkeleg sikra mot utslepp eller skjerma mot nedbør

Avvik frå:

- Løyvet av 24. april 2007 punkt 6 om avfall
- Avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring m.v. av farleg avfall

Kommentar til regelverket:
I løyvet er det vist til at farleg avfall skal handterast i samsvar med kapittel 11 i avfallsforskrifta. Her står det mellom anna at farleg avfall skal handterast forsvarleg og at alle som handterer farleg avfall, skal treffe naudsynte tiltak for å unngå fare for forureining.

I løyvet står det vidare at farleg avfall skal sikrast slik at lagringa ikkje fører til avrenning til grunnen, overflatevatn eller avlaupsnett. Lageret skal vere sikra mot avdamping av forureinande stoff til luft.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
I periodar med mykje avfall vert farleg avfall plassert på avmerka asfaltert område ute (lastesone). Dette området er ikkje skjerma for regn. Evt. avrenning vert ikkje samla opp, men vil gå til oljeutskiljar. Asfalt er ikkje tilstrekkeleg tett til å hindre lekkasje frå lagring av alle typar farleg avfall.

Det vart opplyst at verksemda hadde fokus på å redusere slik lagring, og ta hand om dette avfallet raskt. Det vart kontrollert at emballasjen vart forsvarleg. Det vart ikkje ført avvik på slik lagring før avfallet var lagra i 24 timar, og verksemda hadde derfor ikkje dokumentasjon på omfanget av slik lagring. Det vart vurdert at det skjedde 1-2 gongar per veke.

Avvik 2: Tankanlegget var ikkje sikra med naudsynt barriere

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta § 18-6 c) om førebyggande tiltak ved tanklagring

Kommentar til regelverket:
Ved lagring av farleg avfall på tankar over 2 m^3 er det krav til sikring med barriere mot hendingar som kan føre til forureining. Barrieren kan vere organisatorisk eller teknisk.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Sikringsbasseng for tank med oljehaldig avlaupsvatn fungerer ikkje som teknisk barriere mot forureining på dagtid ved regnvær. Årsaka er at avlaupet då vert opna om morgonen og stengt om kvelden for å drenere ut regnvatn. Det er heller ikkje dokumentert tilstrekkeleg organisatorisk barriere, som til dømes journalføring av opning og lukking, overvaking av utslepp/sikringsbasseng når utlaupet er ope m.v.

8. Merknader

Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

9. Andre forhold

Revisjon av løyve
Verksemda tar imot oljehaldig avløpsvatn og slam og driver med enkel separering av oljefase og slam og av vann og slam. Det vert vidare tilsett bark til slamfasen for å lette vidare behandling. Etter kontakt med Miljødirektoratet, har Fylkesmannen avklart at denne handteringa ikkje krev løyve frå Miljødirektoratet, men at aktiviteten kan regulerast i løyve til mottak av farleg avfall frå Fylkesmannen.

Gjeldande løyve frå 24. april 2007, med seinare endringar er utdatert på fleire punkt og treng oppdatering. Vi ber derfor Norsk Gjenvinning Industri AS om å sende inn søknad om nytt løyve for all aktivitet på Knarrevik, inkludert settling og innblanding av bark innan **31. desember 2015**. Søknaden vil bli lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til kommunen som del av sakshandsaminga.

Registrering av avvik
Verksemda informerte om arbeidet med å utvikle ein forbetringskultur der mellom anna registrering av avvik skal oppfattast som positivt og viktig informasjon om tilhøve som må endrast. Dette hadde ført til at det no vart registrert fleire avvik enn før.